Referat frå SU/SMU-møte 18.02.19.

Frammøte: Gisela Smith-Nilsen, Ann Iren Aas, Ingrid Malin, Sølvi Skar, Brit Guro Rypdal Hovden, Lars Helge Lien, Dag Christian Eidhamar, John Salthammer, Raymond Aas-Furland, Martin Kjøpstad og Liv Vollan.

Forfall: Svein Hole, Elin Løvik og Marianne Wiik.

Sak 16-18-19: Godkjenning av protokoll frå førre SU/SMU-møte 19.11.18

Ingen merknad

Sak 17-18-19: Nytt frå Elevrådet

Elevrådet har sendt inn sitt svar med uttale- høyringsdokument endring av skulestruktur i Vestnes kommune. Elevrådet på ungdomsskulen går for alternativ 2 , med felles ungdomsskule på Helland – nybygg.

Sak 18-18-19: Nytt frå FAU

FAU hadde møte11.02.19, der det blei forfatta eit utkast til høyringssvar. FAU har teke utgangspunkt og fokus i det som gjeld Helland Skule. Det er gjort ein grundig og god gjennomgang av skulane i kommunen og FAU har valt å ha fokus på og påpeike dei punkta i rapporten som er viktige for foreldre, tilsette og elevar. Før FAU ferdigstiller høyringssvaret ønskjer ein at samarbeids- og skulemiljøutvala skal ta stilling til om ein kan sende ein fellesuttale knytt til ny skulestruktur.

Sak 19-18-19: Uttale-høyringsdokument endring av skulestruktur i Vestnes kommune

Martin Kjøpstad orienterte om innstillinga til skuleutvalet. Skuleutvalet si fleirtalsinnstilling gjekk for alternativ 3, medan mindretalet gjekk for alternativ 2. I alt var det 5 alternativ til ny skulestruktur (jf.rapport skuleutvalet januar 2019). SU/SMU konkluderte med at det skal sendast inn ein felles uttale frå rådsorgana ved Helland skule.
Saka skal opp i kommunestyret 28.03.19.

Sak 20-18-19: Justering av møteplan våren 2019

Det er ikkje meldt inn nye saker til samarbeids- og skulemiljøutvala og det vil derfor ikkje bli sett opp fleire møter våren 2019.

Ref. Liv Vollan